

Utviklingsavdelinga

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-80	Doknr.:
Mottatt: 3 MAI 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:



ÅL KOMMUNE
Torget 1, 3570 ÅL

Arkivkode
V18 &13

Vår ref.
10/359 - Torsteinsrud

Dykkar ref.

Dato
30.04.2010

MELDING OM DELEGERT VEDTAK HØYRING – FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM NYDYR KING

Saka er handsama med saksnr. 121/10 etter delegert mynde frå Sektorutval for teknisk, næring og ressurs.

Tilsette i jordbruksforvaltninga i Hallingdal og øvre Numedal drøfta høyringsframlegget i møte 19. april 2010. På grunn av kalendrane for politiske møte i dei ulike kommunane og knapt med tid til høyringsfristen, var det vanskeleg å få til politisk handsaming for alle. Kommunane har difor sendt synspunkta sine på ulikt grunnlag, men konklusjonen er den same for Hol, Ål, Gol, Nes, Flå, Hemsedal, Rollag og Nore og Uvdal kommunar.

I Ål kommune vart saka drøfta politisk i Sektorutval for teknisk, næring og ressurs 28. april 2010.

Vurdering

Det ligg store dyrkbare myrareal i kommunane i Hallingdal og Numedal. Dette er ein viktig ressurs for kvar enkelt gard og for jordbruket i regionen. Areal har potensiale for auka matproduksjon og styrking av driftsgrunnlaget på gardane.

I store delar av øvre Buskerud er det press på leigejord, og mest alt areal blir drive. Mange ser seg difor nøydd til å leige areal langt unna driftssenteret på garden. I distriktet vårt er det døme på gardbrukarar som køyrer både 7 og 9 mil kvar veg for å drive jordarbeiding, gjødsle og hauste avling på leigde areal. Det er opplagt at dette fører til so vel CO₂-utslepp som høge transportkostnader.

Dersom nedbygginga av matjord held fram og folketalet aukar som forventa, vil sjølvforsyningsgraden her i landet gå ned. Det er urovekkande med tanke på beredskap, men òg klimamessig. Mindre dyrkajord pr. nordmann inneber sjølvsaft at me i enno større grad enn i dag må basere oss på importert

Telefon: 32 08 50 00
Faks: 32 08 50 99

E-post: postmottak@aal.kommune.no
Internett: <http://aal.kommune.no>

Bankgiro: 2320 20 29531
Bankgiro skatt: 7855 05 06199
Organisasjons nr: 864 952 992



HALLINGDAL

og "langreist" mat. Langreist mat inneber transport og dermed auka klimautslepp. I eit langsiktig perspektiv kan det hende at stuttreist mat, sjølv om maten direkte eller indirekte kjem frå dyrka myr, er like klimavennleg som alternativet.


Dersom det blir innført forbod mot dyrking av myr, kan ein få tilfelle der gardbrukarar rett og slett vel å leggje ned drifta. Trenden i jordbruket er at stadig strengare krav til effektivitet tvingar folk til å auke produksjonen. For den som ikkje har anna aktuelt nydyrkingsareal enn myr, vil eit forbod mot dyrking av myr i realiteten bli stopp for vidare utbygging av bruket. Det er då lett å tenkje seg at vegen til anna arbeid kan bli stutt. I slike tilfelle vil ein ikkje berre takke nei til auka matproduksjon, men samla matproduksjon vil faktisk gå ned. Me stiller oss difor ikkje utan vidare bak utsegna i punkt 5 i høyringsbrevet om at samfunnskostnaden med tiltaket antas å vera låg.

Ål kommune oppfattar framlegget om forbod mot dyrking av myr som noko forhasta og eindimensjonalt. Sjølv om tala for CO₂- og lystgassutslepp frå dyrka myr sikkert er korrekte nok, meiner me at problematikken kring dyrking av myr må vurderast i ein mykje vidare samanheng. Det saknar me i høyringsdokumentet. Ein kan ikkje forby dyrking av myr ut frå klimaomsyn utan at ein samstundes reknar på kva klimautslepp alternativa fører med seg. Det trengst dessutan meir kunnskap om dyrking av ulike typar myr, ulike stader i landet og på ulike høgder over havet. Eit eventuelt forbod mot dyrking av myr må òg sjåast i samanheng med vern av den dyrkamarka me allereie har.

Det vert gjeve melding om at følgjande vedtak er gjort i saka:

Ål kommune går imot å innføre eit generelt forbod mot nydyrking på myr slik det er føreslege i §6 i framlegg til endringar i Forskrift om nydyrking. Årsaka er at me meiner framlegget er for dårleg utgreidd både når det gjeld samla klimaeffekt, samfunnskonskvensar og konsekvensar for den enkelte gardbrukar.

Dei andre endringane i framlegget har me ingen innvendingar mot.

Med helsing
For Ål kommune

Reidun Aaker
Avdelingsleiar


Bjørg Torsteinsrud
Fagkonsulent